

Informasjon om varslingsystem og CDM for V/A-kundar

Norddal kommune har teke i bruk telefonvarsling til innbyggjarane. Via UMS ServiceVarsling kan publikum (innbyggjarar og andre kundar/abonnentar) få beskjed ved planlagt vedlikehald eller uventa avvik i levering av tekniske tenester som renovasjon, veg, vatn og avløp. Også i andre situasjonar kan det vere aktuelt å nytte systemet for å nå ut til innbyggjarane med viktig informasjon.

Varslinga skjer ved at det blir sendt ut SMS til alle mobiltelefonar, og ei automatisert talemelding til dei kontaktpersonane som berre er registrert med fasttelefon.

Korleis verkar det?

I samband med avvik frå standard drift som t.d. stenging av vatn, lekkasjar eller driftsbrot, vil det gå ut ein beskjed om kva som har skjedd eller kva som skal skje. Systemet fangar opp alle registrerte telefonnummera på eigedomar i det aktuelle området.

Når du tek telefonen får du beskjed om å taste 1 for å høyre ei melding som er lest inn.

På slutten av meldinga blir du bedt om å taste:

1 - for å bekrefte at du har oppfatta meldinga

0 - dersom du ønskjer å få beskjeden lest opp ein gong til

Tastar du ikkje 1, vil systemet ringe deg opp på nytt (inntil 3 gongar).

Korleis finn kommunen mitt telefonnummer?

Adressedatabasen som blir nytta under varsling er ei samanstilling av informasjon frå Folkeregisteret, nummeropplysning frå alle teleoperatørane og informasjon frå GAB-registeret. Innbyggjarar under 16 år ligg ikkje i adressedatabasen, og tek dermed heller ikkje imot varsel.

Får eg varsel? Korleis sjekkar eg det?

Du har høve til å kontrollere og endre di oppføring i UMS sin portal for administrering av kontaktdata: <http://cdm.ums.no>

Her kan du også registrere deg på ei adresse du ikkje er folkeregistrert på, om du ønskjer å få varsel ved hendingar som t.d. vedkjem fritidseigedom.

Merk at dersom telefonen din er registrert på arbeidsgjevar, må du sjølv legge denne til på den folkeregistrerte oppføringa di for å få varsling på hendingar på heimeadressa.

Hemmeleg nummer?

Adressedatabasen fangar ikkje opp personar med hemmeleg nummer. Dette betyr at dei ikkje får varsling med dagens system. Du som har eit slikt nummer og ønskjer varsling, kan registrere deg i databasen, som blir halden hemmeleg for alle andre.

Varsling av bedrifter

Adressedatabasen som blir nytta under varsling inneheld også adresse og telefonnummer til bedrifter. Det kan vere vanskeleg å nå dei rette personane. Vi anbefaler difor bedrifta å endre eller legge til nummer og kontaktpersoner som skal varslast.

Merk at varsel til fasttelefonar skjer via automatisert telefonoppringing. Telefonnummer med automatisk svarteneste eller taste val for vidarekopling er derfor lite egna som kontaktnummer for næringsverksemd. Er di bedrift registrert med eit slikt nummer, bør nummeret endrast for å vere sikker på at bedrifta tek mot eventuell varsling.

Varslingssystemet er meint som ein tryggleik for di bedrift. Skal vi kunne nå dykk på ein rask og effektiv måte er vi avhengig av hjelp.

Vi ber difor om at rett kontaktperson blir registrert her: <http://cdm.ums.no>

Abonnentar med spesielle behov for varsling ved bortfall av vassforsyninga

Norddal kommune tar spesielle omsyn til såkalla sårbare abonnentar ved endringar i vasskvalitet eller vassmengder. Det er spesielt lav terskel for å varsle denne gruppa, og gruppa vil bli prioritert med varsling ved driftsforstyringar på vassleidningsnett. Verksemdar og personer med særskilt behov for varsling må registrere adressa som sårbar abonnent i UMS sin portal for vedlikehald av kontaktdata.

Tenesta vert tilbydd til spesielt sårbare abonnentar som:

- Alders og sjukeheim
- Frisørar
- Hotell
- Leger/medisinsk
- Restaurantar/spisestader
- Skule/barnehage
- Tannleger/tannhelse

Dersom du hører heime i ei av desse gruppene, eller meiner du er spesielt sårbar av andre grunnar, kan du sette adressa din som sårbar abonnent her: <http://cdm.ums.no>

(Merk av rubrikk nedst på side for notering av kontaktinformasjon).